

Årsmøte for 2013 i Hordaland landsdelskrins – referat

Tid: 27. oktober 2013
Stad: Skyttarhuset til Fitjar Skyttarlag
Til stades: Einar Vorland, Eilev Åsen, Ole Bennæs

Møteleiar og referent: Einar Vorland

Sak 01/2013 Årsmelding for 2013

Vedtak:
Framlagt årsmelding vert godkjent.

Sak 02/2013 Rekneskap for 2013

Vedtak:
Framlagt revidert rekneskap vert godkjent

Sak 03/2013 Framlegg om auke av innskot/arr.avgift på Hordastemner

Ut frå tidlegare signal frå møte i Vestlandet landsdel den 25. juni 2013, låg det føre framlegg om å auka satsar for premieinnskot og arrangementsavgift på landsdelskrinsstemner i Vestlandet landsdel.

Vedtak:
Satsar for premieinnskot og arrangementsavgift på Hordastemner bane og felt vert fastsett slik:

Hovedskyting
Klasse klasse 1-5, V55/V65/V73, AG3/HK416, Open klasse: kr. 240,-
Klasse R/ER/J kr 160,-

Stang/felthurtigskyting: Alle klassar kr. 50,-

50/50 deling mellom premieinnskot og arr.avgift for alle klassar

Samlagsskyting/lagskyting kr. 150,- pr. påmeldt lag.

Sak 04/2013 Framlegg om endring av tilskotsordningar frå krinsen vedk. Hordastemner

Administrasjon av Hordakrinsen har i det siste fått svekka økonomi i tråd med det som gjeld generelt for DFS sentralt. Tilskot frå DFSU på kr 6.000,- vart teke bort alt i 2012, og sjølv om kontingenten frå samlaga er auka, utgjer denne auken berre om lag kr. 3.000,- i høve til tidlegare. Prisane på medaljar har auka monaleg og for at krinsen skal kunne ha kontroll på økonomien, er det gjort framlegg om at det i staden for direkte betaling av medaljar vert gjeve eit fast stemnetilskot på kr 6.500,- til arrangør av Hordastemnt bane og felt. Gåvepremiar til desse stemna gjeve med kr. 500,- pr. stemne.

Vedtak:

Frå og med 2014 gjev krinsen eit stemnetilskot til arrangør av Hordastemnet bane og Hordastemnet felt på kr 6.500,-. I tillegg vert det gjeve gåvepremie på kr. 500,- til kvart av desse stemna. Desse tilskota/verdi av gåvepremiar kan justerast kvart år i budsjettet.

Sak 05/2013 Oppdatering av regelverk for Hordastemnet bane og felt

Vedtak:

Etter som det er gjort vedtak om auka satsar for premieinntekt/arr.avgift for Hordastemnet bane og felt, samt omlegging av tilskot frå krinsen, vert regelverket for desse stemna oppdatert i samsvar med dette. Leiar sender ut reviderte regelverk til arrangørлага i god tid føre stemna.

Sak 06/2013 Budsjett for 2014

Framlegg til budsjett:

Inntekter

Tilskot DFS	15.000,-
Kontingent frå samlaga	5.500,-
MVA-komp	2.500,-
HBUR tilskot ungdomsarbeid	55.000,- 78.000,-

Utgifter

Møter og reiser	5.000,-
Kontorutgifter	2.500,-
Tilskot Hordastemnet felt	6.500,-
Gåvepremiar Hordastemnet felt	500,-
Tilskot Hordastemnet bane	6.500,-
Gåvepremiar Hordastemnet bane	500,-
Andre gåvepremiar	1.000,-
Tilskot til samlaga sitt ungdomsarbeid	55.000,-
Til disposisjon	500,- 78.000

Vedtak:

Framlagt budsjett vert vedteke slik det ligg føre

Sak 07/2013 Terminliste 2014

Arbeidet med terminlista for 2014 har pågått ei tid, og er på det næraste ferdig. Vidare arbeid med einskilde arrangement vert gjennomført i samråd med leiarane i dei tre samlaga, og arrangørar av faste stemner. Det er frå Hardanger og Voss Skyttarsamlag orientert om at Voss gjerne tek Vestlandsstemnet bane, men at dei har vanskar med å finna eit eigna feltterreng og mannskaper til å gjennomføra hovedskytinga på felt. Finalar kan gjennomførast på baneområdet.

Vedtak:

Arbeidet med terminlista for 2014 bør slutførast så snart det let seg gjera slik at kvart samlag kan føra inn sine stemmer i arrangementskalenderen. Voss må snarast klårgjera om det er mogeleg å arrangera feltdelen av Vestlandsstemnet i rimeleg nærleik.

Det er vidare ønskjeleg at terminlista vert trykt opp som lommefaldar slik det har blitt gjort dei seinare åra.

Sak 08/2013 Val

Styret i Hordakrinsen vert samansett av leiar av dei samlaga som er med i krinsen med tillegg av krinsen sin ungdomsleiar, jf. Skyttarboka 2012-2013 kap. 3. Som leiar kan veljast ein av samlagsleiarane eller ein utanfrå. Årsmøtet skal og velja rekneskapsfører og revisor. Det har synt seg vanskeleg å får nokon av ungdomsleiarane i samlaga til å ta på seg vervet som ungdomsleiar for krinsen. Tidlegare leiar, Erling Eriksen, har difor fungert både som styreleiar, ungdomsleiar og rekneskapsfører. Einar Vorland har hatt same funksjonen i 2013. Av praktiske årsaker vart Åge Larsen (Bømlo Skyttarlag) oppnemnt som revisor for 2013.

Valet vart gjennomført slik:

<i>Styremedlemmer: Ole Bennæs *)</i>	<i>Sunnhordland Skyttarsamlag</i>
<i>Oddbjørn Meland *)</i>	<i>Hordaland Skyttarsamlag</i>
<i>Eilev Åsen *)</i>	<i>Hardanger og Voss Skyttarsamlag</i>

<i>Styreleiar/rekneskapsfører/ungdomsleiar</i>	<i>Einar Vorland</i>
--	----------------------

<i>Skifeltkontakt</i>	<i>Jan Magne Helland</i>
-----------------------	--------------------------

<i>Revisor</i>	<i>Åge Larsen</i>
----------------	-------------------

**) Eller mogeleg ny leiar i desse samlaga for 2014*

Einar Vorland
Sign.

Ole Bennæs
Sign.

Eilev Åsen
Sign.